

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Ha ei bok til å lese i • Vita korleis eit brev ser ut
Engelsk	• Bli kjend me faget • Kunna skrive kort om seg sjølv og skulen • To be, to have og to do
Matematikk	• Bli kjende med kvarandre • Læra om ulike reknestrategier med dei fire rekneartane
Samfunnsfag	• Forklara kvifor me har val til Stortinget • Kunna presentera eit politisk parti og kva dei arbeider for
KRLE	• Vita kva KRLE står for og kva det tyder • Kunna seia noko om kor Hinduismen er mest utbreidd
Naturfag	• Vite kva eit økosystem er, og korleis ulike faktorar påverkar samspelet i eit økosystem
Kunst og håndverk	• Læra og forstå korleis me opptrer nede i kunst & handverk-rommet • Bruka digital kompetanse for å skape eit produkt
Spansk	Kapittel: Intro • Bli kjende med kvarandre • Uttalereglar • Helsingar Prøv å lesa tekstane s. 8 og 9 i lesebok med utgangspunkt i uttalereglane. (Uttalereglar står på s. 13) Gjer oppgåve 1 s. 4 i arbeidsboka.
Tysk	• Kunna presentera seg sjølv • Læra å telje til 13
Eng fordjuping	• Kunna seie noko om kor ein møter på det Engelske språket • Kunna seie noko om sitt eige forhold til Engelsk
Arbeidslivsfag	• Møta presist • Ta initiativ • Vera hjelpsam med kvarandre
Kroppsøving	Friidrett: • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar. • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. Symjing: • utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing Innsats: • praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeida med andre

Fysisk aktivitet	• Visa god innsats • Arbeida med å gjera kvarandre gode
Programmering	
Friluftsliv	• Bli kjend med faget • Planleggja neste økt • Kanskje me får tid til ei runde med frisbeegolf • Ta med uteklede • Måndag 25.08 skal me sykle til Gunnarsberget og padle på Frøylandsvatnet. Alle må ha sykkel og hjelm. Kle deg etter vêret.
Design	• Bli kjend med faget • Mål for opplæringa er at eleven skal kunna utarbeide idear og løsningsalternativ og vidareutvikle dei til eigne produkt.
Kantine	
Olweus	• Me helsar på kvarandre og blir kjende med kvarandre på trinnet

INFORMASJON TIL HEIMEN

Velkommen til ungdomsskulen!

Kantinekort

Elevane får utdelt eit kantinekort no på 8. trinn. I år vil det ikkje bli mogleg å kjøpa mat og drikke med kontantar, så alle må bruka Diggipay-kortet. Har ein mista kortet, kan ein kjøpa eit nytt kort for 50 kr i administrasjonen. Kantina opner på måndag.

Bøker

Elevane har fått bøker i dei fleste faga i år. Det blir registrert kva boknummer eleven får, og slik har me oversikt over kven som låner kva for ei bok. Det er viktig at de legg bokbind på bøkene slik at me tek best mogleg vare på dei.

Studietime eller fri

På måndagar anna kvar veke er det studietime (leksearbeid på skulen), eller fri (elevane kjem på skulen 08:55). Studietimen skal alle elevane vere på skulen. I veke 34 er det studietime, i veke 35 er det fri.

Heimesida

Ei anna endring vil vere nettsida til skulen. Den har fått nytt design. No i oppstarten kan det vere at det manglar dokument som de leitar etter, men dette jobbar me med no kontinuerleg i oppstarten. Hugs å abonner for å enkelt få varsel når ting blir lagt ut.

Fotografering

Fotografen kjem på besøk 25.-27. august. Fotograferingsdag for kvar klasse blir lagt ut på vekeoversikten for veke 35. Alle klassane skal ta gruppebilete, og alle elevane skal ta portrett. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som alle elevane får gratis på skulen. Dei får i tillegg tilbod om å kjøpa fotopakker utanom direkte frå fotografen. Dette er valfritt.

iPad

Me minner om at elevane må ta godt vare på iPaden. Dei fekk iPad utdelt på torsdag, og det er viktig å oppdatera den og alltid lada den opp heime.

Mobilhotell

Me har ein mobilfri skule. Me oppfordrar elevane til å leggja mobilen igjen heime. Dei som har mobilen med seg, må levera den inn i mobilhotell på skulen (sjå ordensreglar som ligg på heimesida under "Brev og beskjedar"). Fint om dei som ikkje har tatt ein prat om dette heime gjer det.

Helsing oss på 8.trinn

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald

HEIMEARBEID VEKE 34

Norsk	Les 3X15 min i boka di. Den skal alltid liggja i sekken. Hugs å registrera sidetal til læraren din i slutten av veka.
Engelsk	Write a short text about yourself and your interests.
Matematikk	Få med nokon heime og spel "Tenk til tusen" ein gong i løpet av veka. De lærar spelet på skulen måndag. Spelereglar ligg også på OneNote under heimearbeid matematikk. Prøv gjerne alle variantane om de kosar dykk glugg. Utstyr som trengs er ein terning + noko å skriva med og på.
Naturfag	Leksefri.
Kunst og håndverk	Ta bilete av deg sjølv, og finn dei bileta som du meiner fortel kven du er. Dei skal du bruke til å lage plakat i K&H.
Spansk	Kapittel: Intro • Uttalereglar • Ordforråd Øv til gloseprøve etter avtale.
Tysk	
Eng fordjuping	Answer the questions: Did you speak any English this summer, where and why? Was there any situations where you had to speak English? Do you watch any tv-series, movies or listen to songs in English?

Arbeidslivsfag	
Kroppsøving	Friidrett: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u> . Symjing: Partalsveker: 8AC. Oddetalsveker: 8BD.
Fysisk aktivitet	Møt i Timehallen.
Programmering	
Friluftsliv	
Design	
Kantine	

HEIMEARBEID VEKE 35	
Norsk	Les 3X15 min i boka di. Hugs å registrera sidetalet til norsklæraren din.
Engelsk	Gloseprøve: øv på bøyinga av verba, <i>to be</i> , <i>to have</i> og <i>to do</i> .
Matematikk	Gjer oppgåve 1.2 side 10 og oppgåve 1.7 side 13 i grunnboka. Gjer oppgåvene i arbeidsboka di, ta bilete av arbeidet ditt og legg det inn under heimearbeid matematikk på OneNote.
Naturfag	Leksefri.
Kunst og håndverk	Leksefri.
Spansk	
Tysk	
Eng fordjuping	Record and hand in the video about your English world.
Kroppsøving	Friidrett: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u> . Symjing: Partalsveker: 8AC. Oddetalsveker: 8BD.
Fysisk aktivitet	Møt i Timehallen, følg med på teams for meir informasjon.
Programmering	
Friluftsliv	Hugs sykkel og hjelm.
Design	
Kantine	